

Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 15/12774-2

## **Stiftinga Singerheimen - val av styremedlemmer**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

Som styremedlemer til Stiftinga Singerheimen vert vald:

1. Styremedlem: Åsne Folstad  
Vara:
2. Styremedlem: Stig Vattekar  
Vara: Ingeborg Lysne Mcevoy
3. Styremedlem: Yngve Brakstad  
Vara:
4. Styremedlem: Jostein Vonheim  
Vara: Anne Margrete Tønning
5. Styremedlem: Margunn Skarstein  
Vara: Ingrid Dårflot

Oppnemninga gjeld for perioden 2016 – 2019.

#### Vedlegg:

1. Framlegg til styremedlemer frå Stryn kommune
2. Vedtekter for Stiftinga Singerheimen

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka:**

Fylkeskommunen oppnemner heile styret for stiftinga Singerheimen (fem medlemmer med personlege vara). Dersom Stryn kommune går inn med faste tilskot til stiftinga, har kommunen høve til å føreslå to av medlemmane m/vara. Stiftingsstyret vel sjølv leiar og nestleiar, jf vedtekene, vedlegg 2.

Singerheimen "Dalheim" i Olden i Nordfjord er ei stifting etter William H. Singer og Anna Brugh Singer. Stiftinga Singerheimen er formelt sett registret under føretaksnamnet "Stiftelsen William H jr's og Anna Brugh Singers minde". Stiftinga vart oppretta i 1963 etter testamentet til Anna Brugh Singer. Heile eigedomen med veg og fleire bygningar vart i si tid gjeve som

rekreasjonsheim for Nordfjord Sjukehus. Singerheimen har 9 bygg. Eigedomen har store kulturelle verdiar og inneheld mange interessante kulturskattar. I si tid skal styret ha fått positive forsikringar frå Bergen Kunstindustrimuseum om at store deler av inventar, måleri m.m. som vart plassert i kunstindustrimuseet då testamentet vart skrive, vil kunne "langtidsdeponerast" ved Singerheimen i framtida.

#### Styret for Stiftinga Singerheimen har vore slik samansett i 2012- 2015:

Medlem: Gerd Dvergsdal, vara: Kjell Magne Åshamar

Medlem: Gunvor Sunde, vara: Kolbjørn Roset

Medlem: Inger Hoff, vara: Olav Klungre

Medlem: Jostein Fredheim, vara: Nils P. Støyva

Medlem: Margunn Skarstein, vara: Ingfrid Dårflot

Styreleiar har vore Gunvor Sunde. Medlem Gerd Dvergsdal har i epost av 30.09.15 gjeve melding om at ho ikkje tek attval til styret.

## **2. Problemstilling**

Singerheimen er ei stifting, i praksis utan stiftingskapital, med ansvar for ein stor bygningsmasse med stort behov for vedlikehald. Staden har ei historie og ei sjel som det er viktig å få teke vare på. Stiftinga må setjast i stand til å ta tak i dette arbeidet.

Fylkesdirektør for kultur og fylkesdirektør for næring har hatt drøftingar med styre og dagleg leiar om kva potensiale som ligg for utvikling av Singerheimen. Første steg i dette arbeidet er ei utgreiing som kan sjå på løysingar for framtidig lønsam drift av Singerheimen. Her er PWC engasjert og skal levere ein rapport i mars 2016. Dette «forprosjektet» skal greie ut kor vidt det er mogleg å ruste stiftinga opp til å utvikle seg i tråd med ein strategi som sikrar eit levande tun med høg aktivitet og attraktivitet. Alternativ til stifting må også kunne utgreiast dersom slike alternativ finst.

Det er tilsett dagleg leiar ved Singerheimen som tek ansvar for den daglege drifta. Dagleg leiar vert i samsvar med vedtektene tilsett av styret. Det er om lag 1,3 årsverk knytt til Singerheimen, fordelt på dagleg leiar i full stilling og elles innleigde personar ved behov.

### **Framlegg til styrekandidatar**

Med utgangspunkt i den situasjonen som Singerheimen er i, og det som er ønskeleg å få til framover, har fylkesdirektørane, i samråd med hovudutvalsleiar, gått til det skrittet å finne fram til og tilrå styremedlemmer. Det er lagt stor vekt på å finne profesjonelle kandidatar med variert bakgrunn og kompetanse, og som er gode på strategi-, utviklings- og omstillingsprosessar.

Dei kandidatane fylkesdirektørane har spurt, og som har sagt ja til å ta på seg verv i styret, er: Åsne Folstad (reiseliv), Stig Vattekar (økonomi) og Yngve Brakstad (arkitektur). Slik framlegg til vedtak ligg no, manglar det vara for Folstad og Brakstad.

Stryn kommune har foreslått to kandidatar, jf vedlegg 1: Jostein Fredheim, vara: Anne Margrete Tønning og Margunn Skarstein, vara: Ingfrid Dårflot.

Ifølgje vedtektene skal styret sjølv konstituere seg med val av styreleiar og nestleiar. Åsne Folstad har i samtale med fylkesdirektør for næring gitt uttrykk for at ho er villig til å ta på seg styreleiaransvaret.

## **3. Konklusjon**

Hovudutval for næring og kultur oppnemner styre for Stiftinga Singerheimen som foreslått. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.